



**HØGSKULEN I VOLDA**  
Volda University College

## Nyhendebrev nr. 36, 20. oktober 2022

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, [johann.roppen@hivolda.no](mailto:johann.roppen@hivolda.no).

[Tidlegare nyhendebrev og side for påmelding til nyhendebrevet.](#)



### Klart for Øyralangs 2022 til helga

Laurdag 22. og søndag 23. oktober 2022 er dei store dagane for Øyralangs 2022. Begge dagane startar den stemingsfulle lysvandringa kl. 18:00 på Årneset og ruta er å følgje vegen langs Øyraelva ned til Volda sentrum. Det blir også mange aktivitetar ved Årneset frå kl. 18.00. Mange HVO-studentar er engasjerte i gjennomføring av arrangementet.

[LES MEIR](#)

### Barnehagekonferans en er tilbake!

Den store barnehagekonferansen er tilbake etter to år med koronastopp. 27.-28. oktober vil mange hundre barnehagetilsette samlast i Ålesund under temaet: Barnehagen ein samfunnspilar. Høgskulen i Volda arrangerer konferansen i samarbeid med Utdanningsforbundet Møre og Romsdal og Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.

[LES MEIR](#)

# Studium og studentliv

## VSI deltok i nasjonalt meisterskap for Studentidrettslag

Voldastudentanes idrettslag (VSI) var i år representert på Studentleikane Bergen Challenge 2022, blant anna i sand-handball-klassen, [melder Nærnett](#).

## Utdanningsutvalet hadde møte 19. oktober

Utdanningsutvalet ved Høgskulen i Volda hadde møte onsdag 19. oktober. På dagsorden stod blant anna framlegg om å opprette engelskspråklege emne i matkultur på AHL og eit emne i Podkast på AMF. Det er også framlegg om revisjonar på bachelor i musikk, skuleretta samfunnsfag og bachelor i planlegging og administrasjon. Her er sakspapira til møtet. [Protokoll frå møtet blir publisert på same stad om få dagar](#).

## Studietur: Framtidas byplanlegging i Ålesund

Korleis utvikle berekraftig byplanlegging? Korleis bruke digitale simuleringsverktøy for å få oversyn over by-areal, infrastruktur, trafikk, med meir, i tillegg til utvikling av kommunikasjonar? Dette var blant tema for studietur i Ålesund for førsteårs-studentane på planlegging og administrasjon ved Høgskulen i Volda. [Les meir på nettsidene våre](#).

## Biblioteket: Korleis vere student? Kurs med gratis taco 27. oktober

Biblioteket på Høgskulen i Volda arrangerer i september og oktober kurs i det å vere student: Studieteknikk, studentvelferd, eksamen, akademisk skriving og om biblioteket sine tenester. Det same kurset vert halde på fire ulike tidspunkt slik at det skal vere lett å finne ei tid som passer. Og så blir det gratis taco etterpå. Kursa er også lagt inn i kalenderen på [www.hivolda.no](http://www.hivolda.no) og det neste kurset vert halde 27. oktober klokka 16.00. [Les meir på nettsida til biblioteket](#).

## Utdanningsdagane nærmar seg: 1.-2. november

Elevar i vidaregåande skule og frå folkehøgskular i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane driv i desse dagar og melder seg på [Utdanningsdagane på Høgskulen i Volda](#). Dette er det største arrangementet ved høgskulen, og samlar nær 1.000 potensielle søkerar over to dagar, og i år vert dagane arrangerte 1. og 2. november.

## **Menyen i kantina neste veke>**

Måndag: Chili sin carne  
Tysdag: Fiskegrateng med råkostsalat og smelta smør  
Onsdag: Kebabbuffé  
Torsdag: Potetball med tilbehør  
Fredag: Tacobuffé  
Pris: 14,90 per.hg

## **Styre og stell**

### **Bråk i 3. etasje på BK**

Delar av ventilasjonsanlegget i 3. etasje på Berte Kanutte-huset skal oppgraderast eller skiftast ut. Arbeidet skal vere ferdig seinast fredag 20. Det kan også bli noko betongboring, men det skal vere ferdig før klokka 9.

### **Omfraamt styremøte om doktorgradssøknaden 24. oktober**

Høgskulestyret har eit omframt styremøte med akkrediteringssøknaden på ny doktorgrad som einaste sak på dagsorden. Møtet blir halde måndag 24. oktober kl 08.30. [Styrepapira blir tilgjengelege på denne nettsida](#). Møtet blir arrangert som videomøte og video frå møtet blir lagt ut på [www.hivolda.no](http://www.hivolda.no) etter møtet.

### **Stillinga som studiedirektør har vorte lyst ut**

Høgskulen har tilsett studiedirektør [Ann Kristin Emblem](#) som høgskuledirektør i fast stilling, og no blir stillinga som studiedirektør etter Emblem lyst ut som fast stilling med søkerfrist 31. oktober. Studiedirektøren står sentralt i vidareutvikling av studiekvalitet og studieportefølje. Studiedirektøren rapporterer til direktør og er med både i den faglege og administrative leiargruppa ved Høgskulen. [Sjå alle våre ledige stillingar her](#).

### **Rektorvalet: Leitekomiteen er i arbeid**

Leitekomiteen som skal arbeide med å finne kandidatar til rektor og prorektor-verva er i sving, og [informasjon om arbeidet og kontakt med komiteen finn du på denne nettsida](#).

## Lokale lønsforhandlingar: Lokal pott på 5 millionar

Det er ein stor pott til lokale forhandlingar på Høgskulen i Volda også i 2022. Potten som skal fordelast er på over 5 millionar kroner, mot 4,25 i 2021. Frist for å melde krav er 25. oktober. Alle tilsette har fått e-post frå personalsjef med informasjon om korleis krav skal fremmast. Forhandlingane blir gjennomført i november.

## Innspel til ekspertgruppe om universitetsakkreditering

Høgskulen i Volda har sendt innspel til [ekspertgruppa som arbeider med kriteria for universitetsakkreditering](#). Innspelet er sendt av rektor etter ei drøfting i leiargruppe. I innspelet står det at Høgskulen i Volda ikkje har universitetsambisjonar ut frå dagens retningsliner. Men Høgskulen i Volda oppmodar til klarare og enklare regelverk, at regelverket vert i tråd med internasjonale kriterier og meiner konkret at det i framtida bør vere nok med ein eller to doktorgrader for å kunne bli akkreditert som universitet. [Her er heile innspellet](#). Ekspertgruppa skal levere si innstilling innan 15. desember 2022.

## Nasjonal tryggleiksmånad: Nanokurs om tryggleik er på veg!

No i oktober er det for 12. gong "nasjonal sikkerhetsmåned" for informasjonstryggleik. Årets tema er «Sammen for en trygg digital hverdag med fokus på løsepengeangrep og phishing» Den neste veka vil alle tilsette få tilsendt e-postar med korte nanolæringskurs om kva ein bør være merksam på i samband med dette. Alle blir oppmoda til å bruke 2-3 minutt på desse kursa! I dagens urolige verd er åtak på våre informasjonssystem og verdiane dei representerer verkeleg aktuelt og viktig å kunne verne seg mot. E-postane kjem frå [course@nanolearning.com](mailto:course@nanolearning.com)

## Høgskulen skal inn i "skya"

IT-avdelinga på Høgskulen er no i gong med «Fil-til-sky»-prosjektet. Det går ut på å flytte all fillagring over i skya. Målet er auka tryggleik, fleksibilitet, samhandling og tilgjenge i fillagringa ved HVO. Dei fleste tilsette vil ikkje merke mykje til denne endringa. Fyrste fase er å flytte den personlege lagringa frå H: (også kjend som «Mine dokument») til OneDrive, skylagringsløysinga til Microsoft. Over nyttår vil prosjektet gå vidare med å avvikle L:, og med å erstatte den avdelingsvise lagringa på Q: med lagring i Teams filbibliotek. Alt blir gjort avdelingsvis, og alle får meir informasjon etter kvart som dei står for tur. Prosjektet skal vere ferdig før sommarferien 2023.

## **Revidert forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda - høyringsfrist 9. november**

Studieadministrasjonen ved Høgskulen i Volda har sendt på høyring framlegg til revidert forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda. I all hovudsak handlar revisjonen om å oppdatere forskriftera frå 2015 med fleire endringar som har kome i Universitets- og høgskulelova, også endringar som trer i kraft 1. januar 2023. I framlegget er forskriftera også forenkla og omtale av den interne arbeidsorganiseringa ved Høgskulen i Volda er teke ut av forskriftera. Høyringsfristen er 9. november 2022.

## **Julebordet blir halde 9. desember på Ulstein Hotell**

I år er det AHL som har ansvaret for å arrangere julebord for HVO. Dei har no avgjort at vi skal ha julebord på Ulstein hotell fredag 09.12.2022 for tilsette ved HVO. Det vil kome meir informasjon og påmeldingsskjema etter kvart.

## **Fag og forsking**



### **"Presse, profesjon og politikk": Festskrift til Paul Bjerke**

Professor Paul Bjerke ved Avdeling for mediefag har nett fylt 70 år, og i høve dagen har ei gruppe kolleger på Høgskulen i Volda og andre stader arbeidd med eit festskrift til jubilanten. Festskriftet har fått tittelen: Presse, profesjon og politikk og er dekkande for dei faglege interessene til Bjerke. Boka vart slept på Norsk Medieforskarkonferanse 2022 i Stavanger 13. oktober 2022. Til stor overrasking for ein rørt professor. [Les meir på nettsidene våre.](#)

### **Forskningsutvalet: Framlegg om retningslinjer for forskningsgrupper**

Forskningsutvalet har møte torsdag 20. oktober. På dagsordenen står blant anna framlegg om å retningslinjer for forskningsgrupper. Målet er å styrke gruppene og få meir forskningsaktivitet. I same møtet vert det også foreslått å lyse ut midlar til forskningsgrupper i 2023. Etter framlegget

får gruppene tildelt til saman 1 million i januar 2023, og så vil særleg ambisiøse grupper kunne søkje på ein pott på kr 300.000. Dei siste åra har dei færreste Forskningsgruppene klart å bruke opp midlane dei har fått tildelt. [Her er alle sakene til møtet i forskningsutvalet.](#)

### Forskningsutvalet: Vil drøfte ekstern evaluering av forskinga ved HVO

Forskningsutvalet får på møtet 20. oktober på bordet ei drøftingssak som handlar om det kan vere på tide med ei ekstern evaluering av den samla forskingsaktiviteten ved Høgskulen i Volda. Aktuelle spørsmål og opplegg for ei evaluering kan vere snever og berre evaluere ordninga med forskningsgrupper eller dei einskilde støtteordningane. Eller breiare og evaluere all forskingsaktivite ved HVO, inkludert tildeling og bruk av FoU-tid og forskningsadministrasjonens verksemد. [Her er alle sakene til møtet i forskningsutvalet.](#)

### Fagdag om nynorsk skriftkultur 1. november

Tilsette, studentar og andre interesserte er velkomne til årleg fagdag om nynorsk skriftkultur. Programmet rommar siste forsking på målformer og språkbyte i skulen, biblioteka si rolle i språkpolitikken, ressursar for norsklærarar og innsikt i korleis bruke arkiv og fagbibliotek som kjelder til å finne svar på bestemte forskingsspørsmål knytte til vitskaplege artiklar eller masteroppgåver. [Les meir om fagdagen her.](#)

## Forsking og utdanning - utlysingar og fristar

### Utdanningsprisen 2022: Kom med kandidatar innan 20. oktober - i dag!

HVO-tilsette og studentar har vorte inviterte til å kome med framlegg til kandidatar for Utdanningsprisen for 2022. Fristen er 20. oktober. [Statuttar for prisen finn du på denne nettsida.](#)

### Såkornmidlar for 2023 - søknadsfrist 10. november

Forskningsutvalet lyser no ut såkornmidlar for 2023, og fagleg tilsette vert med dette inviterte til å søke. Midlane må nyttast i 2023. Vi tek etterhald om at midlar vert løyvd av Høgskulestyret. Såkornmidlane skal bidra til å auke forskingsaktiviteten ved HVO. Søknadar om støtte til å utarbeide søknadar til Norges forskingsråd, Regionale forskingsfond eller Horisont Europa vert prioriterte. Utfyllande informasjon om ordninga og søknadsskjema kan du finne på [denne nettsida](#). Søknadsfristen er 10. november 2022. Forskningsutvalet vil i møte 24. november kome

med innstilling til tildeling av midlar. Tildelinga er avhengig av endeleg budsjettvedtak i høgskulestyret i desember.

## Publisering og formidling

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar og formidling i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon om ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert, og skriv gjerne også ei setning eller to om kva publiseringa handlar om. [Hugs også på å registrere publiseringane dine i Cristin.](#)

Legg også ved lenke til publiseringa di.

### Ny utgåve av "Skriftkulturar": Form og formidling knytt til nynorsken

I den vitskaplege skriftserien "Skriftkultur" har det no kome eit nytt skrift, redigert av Stig Helset og Endre Brunstad, UiB. [Tittelen er "Form og formidling knytt til nynorsken".](#) Skriftserien vert gitt ut av Cappelen Damm Akademisk og er utgitt på Open tilgang-vilkår.

[Førsteamanuensis Stig Helset](#) også skrive ein av artiklane saman med tidlegare masterstudent Anna Hellevang: "Normkompetanse hos vg3-elevar med nynorsk som hovudmål – ein studie av avvikstypar og mogleg påverknad frå dialekt og bokmål".

[Høgskulektor Liv Astrid Skåre Langnes](#), AHL/Nynorsksenteret har også bidratt med ein artikkel med tittelen "Nok tilfang på begge målformer? Om språkleg fordeling i lesebøker og tekstar i norsk for nynorskelevar i ungdomsskulen".

### Haug og Ims Lied bidrag i ny bok: "Tverretatleg samarbeid"

[Professor Peder Haug](#), AHL, har saman med professor Mirjam Harkestad Olsen (UiT) redigert av boka ["Tverretatlig samarbeid"](#) i serien Inkluderende skolemiljø på Cappelen Damm. Haug har også skrive eit kapittel i boka: "Ingen kan alt - tverretatleg samarbeid om spesialundervisning og inkluderane praksisar i skulen". [Førstelektor Silje Ims Lied](#), AHL, har skrive to kapittel i boka: "Rolleforståing og inkludering i tverretatlig samarbeid" saman med Hilde Stokke, og "Å bygge lag rundt og sammen med elevene" saman med Marianne Sandvik Tveitnes.

### Werenskjold-bidrag i artikkelsamling: "Nordic Media Histories of Propaganda and Persuasion"

[Professor Rolf Werenskjold](#), AMF, har saman med Øystein Pedersen Dahlen (Høgskolen Kristiania) skrive kapitlet ["Norwegian Defence and Security Policy: The Struggle for Hearts and](#)

[Minds in the 1950s](#) i artikkelsamlinga "Nordic Media Histories of Propaganda and Persuasion" som har vorte gjeve ut på open tilgang (Open access) på Palgrave Macmillan (Springer).

### **Marie Nedregotten Sørbø heldt føredrag på Universitet i Cambridge**

Professor Marie Nedregotten Sørbø, AHL, heldt 12. oktober nett-føredrag på Lucy Cavendish College (Universitetet i Cambridge). Føredraget handla om Jane Austen og hadde tittelen: "Is Jane Austens irony relatable and translatable today", og var ein del av ein seminarserie: Live from Lucy og samla over 100 tilhøyrarar frå fleire land. [Føredraget kan også sjå og høyrist på Youtube.](#)

## Ledige stillingar

[Sjå alle ledige stillingar på nettsidene våre.](#)

- [Rådgivar/studiekoordinator ved Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning - søknadsfrist 20.10.2022](#)
- [Administrasjonssjef Avdeling for mediefag - søknadsfrist 20.10.2022](#)
- [Økonomirådgivar \(AHL\) - søknadsfrist 23.10.2022](#)
- [Studiedirektør - søknadsfrist 31.10.2022](#)
- [Rådgivar/seniorkonsulent \(2-3 stillingar\) i Studieadministrasjonen – fast stilling - søknadsfrist 31.10.2022](#)
- [Sivolda: Bustadleiar - søknadsfrist 31.10.2022](#)
- [Stipendiatsilling i samfunnsplanlegging - søknadsfrist 15.11.2022](#)

## Møte, seminar og anna på HVO:

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

### **Faglege arrangement på og ved HVO:**

**Hausten 2022:**

20.10.2022: [Forskarseminar: Mellom terapi og normalisering](#)  
24.-26.10.2022: [Øyralangs, kulturvandring i Elvadalen](#)  
27.10.2022: [Kurs for studentar: Korleis vere student?](#)  
27.-28.10.2022: [Barnehagekonferansen 2022](#), Ålesund  
30.10.2022: [Huskonsert med Symfoniorkesteret](#)  
1.11.2022: [Open fagdag om nynorsk skriftkultur](#), Aasentunet  
1.11.-2.11.2022: [Utdanningsdagane 2022](#)  
3.11.2022: 50-års markering av historiestudiet ved Høgskulen i Volda  
3.11.2022: [Høgskulestyret](#)  
4.11.2022: [Sinnemeistring hos vaksne](#), HVO  
16.11.2022: 100-årsmarkering for Henrik Kaarstad-huset  
18.11.2022: ASH Avdelingsseminar  
23.11.2022: [Nettverkstreff: Kvinner i forsking på HVO](#)  
24.-25.11.2022: AHL Avdelingsseminar, Loen  
8.12.2022: [Høgskulestyret](#)  
2.-9.12.2022: [Val av ny rektor og prorektor](#)  
9.12.2022: Julebord for alle HVO-tilsette, Ulsteinvik  
15.12.2022: AKF Juleavslutning  
16.12.2022: Juleavslutningar for AHL, ASH og AMF

## Våren 2023:

19.1.2023: Høgskuleforum ("Forum for det utvida høgskuleområdet"), HVO  
8.2.2023: [Internasjonal dag 2023](#)  
9.3.2023: [Høgskulestyret](#)  
16.-17.3.2023: Avdelingsseminar ASH  
3.-4.5.2023: Styreseminar og [møte i høgskulestyret](#)  
15.6.2023: [Høgskulestyret](#) (siste i styreperioden)

## Faste lenker:

**LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA**  
<https://www.hivolda.no/stilling>

## REKTORBLOGGEN

13.10.2022: [Kor mange studentar er det på Høgskulen i Volda?](#)  
[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

## HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Finn-ein-forskar-på-HVO](#)

[Tiktok](#)

[Facebook](#)

[Twitter](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-bloggar](#)

[Nynorskcenterets blogg](#)

[Løpende oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

## STUDENT- OG ØVINGSMEDIA:

[Knaggen](#) (portal for studentmedia)

[Studentradioen](#)

[StudentTV](#) - Sjå også [Youtube-kanalen](#)

[Radio Volda](#)

[Nærsynet](#)

[Nærnett](#)

## Høgskulen i Volda

Tlf: [70075000](#)

E-post: [postmottak@hivolda.no](mailto:postmottak@hivolda.no)

[Personvern](#)



[Endre kontaktinfo](#)

[Meld deg av e-postlista](#)